

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref:

Vår ref:
2014/497 - 5243/2014

Sakshandsamar:
Ingvill Skogseth 51 96 38 12

Dato:
30.09.2014

Høyring - presisering av grensa for seinabort

Vi viser til høyringsbrev frå Helse- og omsorgsdepartementet datert 27. mai 2014 med forslag til endringar i abortforskrifta. Endringane skal presisere gjeldande yttergrense for når abort kan bli innvilga ved vurdering av fosterets levedyktighet.

4.1. Fosterets levedyktighet

Abortforskrifta vil etter endringa leggje til grunn at eit foster er levedyktig etter 22. svangerskapsveke (21 veker og 6 dagar).


Forslaget om å ha ei streng og fastsett grense for når fosteret skal vurderast som levedyktig gir fleire utfordringar. Det kan også vere feilmarginar/usikkerheit ved vurdering av fosterets alder. Endringsforslaget bør omtale/presisere korleis dette skal handterast. Forskriftene bør ta stilling til korleis denne usikkerheita skal handterast ved 21+6 veker.

4.2 Samansetning av primærnemnda

Helse Vest meiner at det er svært viktig å setje krav til korleis medlemmer i primærnemnda blir oppnemnt. Dette vil sikre betre saksbehandling, i tråd med det departementet ynskjer å oppnå.

Helse vest ser det som positivt at det skal oppnemnast minst to faste varamedlemmer i primærnemnda. Det er i tillegg forslag om å presisere at legen i primærnemnda som blir oppnemnt av sjukehuset skal vere fast medlem. I nemnder med mange saker og medlemmer frå ein travel, klinisk avdeling er dette viktig for å sikre rask og kompetent saksbehandling.

Med vennleg helsing


Hans K. Stenby
plansjef


Ingvill Skogseth
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

All elektronisk post til Helse Vest skal sendast til postmottak: post@helse-vest.no